



**DET  
NORSKE  
TEATRET**

MED  
**EMIL JOHNSEN**

Regissør **KJERSTI HORN**  
Scenograf og kostymedesignar **SVEN HARALDSSON**  
Lyddesignar **ERIK HEDIN**

Inspisient **HEDDA KOPPERUD RØNNEBERG**  
Rekvisittkoordinator **HELEN HAZELAND**  
Sceneansvarleg **TRYGGVE ILDAHL**

# KVEN DRAP FAR MIN

AV ÉDOUARD LOUIS

OMSETJING: TOVE BAKKE

NOREGSPREMIERE 16. NOVEMBER 2019 PÅ SCENE 3

**ÉDOUARD LOUIS** (f. 1992) debuterte som forfatter i 2014 med den sjølvbiografiske romanen *Farvel til Eddy Belleueule*. Boka skapte furore i heimlandet Frankrike, men er sidan blitt omsett til 20 språk og har blitt ein bestseljar. Også her til lands skapte utgjevinga ein heftig debatt. I romanen tok Louis eit oppgjør med den personen han hadde vore til da, men også med korleis offentlegheita neglisjerer klasseskilja i Frankrike. Dei trøsteslause tilhøva i delar av arbeidarklassen er blitt neglisjerte og usynleggjort, meiner han. Romanen blei sett i scene av Kjersti Horn og Emil Johnsen i 2015 på utestaden Jæger, og har vore spelt her på teateret. Dei har også sett i scene Louis' roman *Valdens historie* i lag med skodespelar Preben Hodneland.

Édouard Louis (tidlegare Eddy Bellegueule) kjem frå arbeidar-klassebakgrunn og har utdanninga si frå prestisjeskolen Ecole Normale Supérieure i Paris. I dag tilhøyrrer han den intellektuelle og kulturelle eliten. Klasseskilje er eit sentralt tema i bøkene hans, og han held no på med ei doktoravhandling om klassereiser i litteraturen ved universitetet i Amiens.

*Hvem drepte faren min*, den tredje romanen hans og det litterære grunnlaget for denne teaterframysninga, kom ut i 2018 og på norsk i 2019 på Aschehoug Forlag.

I tillegg til å skrive romanar, har Louis også redigert ein antologi om sosiologen Pierre Bourdieus påverknad på politisk tenking, og han er redaktør for magasinet *Les Mots* som publiserer filosofiske og sosiologiske tekstar.

Del dine opplevingar hos oss  
på Instagram og Twitter.

FØLG OSS



Facebook: [detnorsketeatret](#)

Twitter: [@detnorsketeatre](#)

Instagram: [#detnorsketeatret](#)

[www.detnorsketeatret.no](http://www.detnorsketeatret.no)

**BILLETTLUKA:** 22 42 43 44